



Til sensorar i matematikk og norsk i følge adresseliste

Sensorskulering 2015 for eksamensregion Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane

Fylkesmennene i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, i samarbeid med Utdanningsdirektoratet, inviterer til sensorskolering på Hotel Alexandra i Loen 5. og 6. mai.

Målgruppe for skuleringa er alle fagpersonar som er oppnemnde til å vere sensorar ved skriftleg eksamen i grunnskulen i 2015 for begge fylka. Det vil bli parallelle kurs i faga matematikk, engelsk og norsk.

Utdanningsdirektoratet står for den faglege gjennomføringa. Det vil og bli tilbod om ei økt i bruken av PAS for sensorar. Sjå elles vedlagde program.

Stad: Hotel Alexandra i Loen

Tid: Start med registrering tysdag 5. mai kl. 11:30. Avslutning med lunsj onsdag 6. mai kl.12:30.

Målgruppe: Oppnemnde sensorar i engelsk, norsk og matematikk

Tema: Vurdering. Eksamen og prinsipp for sluttvurdering, vurdering i faga og drøfting av siste års elevsvar.

Fagansvarlege:

Matematikk: Gregorius Brogstad, fagansvarleg for matematikk, Utdanningsdirektoratet

Norsk: Mette Thoresen, fagansvarleg for norsk, Utdanningsdirektoratet og Ingrid Bøe, fagnemnda

Engelsk: Dag Rune Stedje, oppmann i engelsk

Lenkje til elektronisk påmelding: <http://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Kurs-og-konferansekalender/Sensorskulering-5-6-mai-2015/>

Påmeldingsfrist: Onsdag 22. april 2015

Program: Sjå vedlegg.

Økonomi: Kurs og opphald er gratis. Skulen / kommunen må dekkje vikarutgifter og reise.

Vi oppfordrar til samkøyring så langt råd er. Vi legg ved liste over oppnemnde sensorar for å lette dette.

Vi ber om at du informerer rektor / leiinga på skulen om innhaldet i dette brevet. Sjølv om denne skuleringa er eit frivillig tilbod til sensorane er den ein føresetnad for ein mest mogleg lik sensur. Vi håpar difor på god deltaking, og at skulane ser på dette som god etterutdanning for sine lærarar. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane sender ut denne invitasjonen til sensorane i engelsk, medan Fylkesmannen i Møre og Romsdal sender ut til matematikk- og norsksensorane.

Retningslinjer for sensors arbeid

Som sensor pliktar du å halde deg orientert om og å følgje dei retningslinjene og reglar for sensur som til ei kvar tid blir gitt av Utdanningsdirektoratet. Generelle retningslinjer for sentral sensur: <http://www.udir.no/Vurdering/Eksamen/Retningslinjer-for-sentral-sensur-ved-sentralt-gitt-skriftleg-eksamen-i-grunnskolen-grunnskoleopplaring-for-vaksne-og-vidaregaande-opplaring/>

Anna informasjon

- Vi ber om at du les gjennom og tek med deg eksamensrettleiinga for 2015 i det faget du skal vere sensor i. Eksamensrettleiinga i ditt fag finn du på følgjande link: https://dok.udir.no/DokumenterAndre kataloger.aspx?proveType=EG&katalog=Eksamensveiledninger_grunnskolen&periode=Alle
- Vi ber om at dei som ikkje kjenner eksamensoppgåvene frå 2014 i sitt fag, sett seg inn i oppgåvene. Les også førebuingsdelen. Desse finn de på: <https://dok.udir.no/EksamensOppgaver.aspx?proveType=EG>
Alle skular har fått passord til desse oppgåvene, men vi sender likevel ut ei e-postmelding med passordet til sensorar i løpet av kort tid.
- **Særleg for matematikk:**
Til sensorar i matematikk vil det i løpet av kort tid verte sendt ut eigen e-post med fjorårets eksamensrettleiing, eksamensoppgåver, førehandssensurrapport og vurderingsskjema. I tillegg kjem eitt elevsvar som de skal ha rekna gjennom og sette karakterforslag på før sensorskuleringa. Sjå elles punkt ein over.

NB! Denne e-posten vert også sendt ut som brev i løpet av veke 16. Vi ber om at de snarast melder frå om de ikkje mottar begge, sidan sendingane er ein sjekk på at vi har rett e-postadresse og postadresse i høve sending av elevsvar mm.

Spørsmål om sensorskuleringa kan rettast til:

Annhild Lorentzen: annahild.lorentzen@fylkesmannen.no / tlf. 71 25 85 64

Tone Malme: tone.malme@fylkesmannen.no / tlf 71 25 85 66

Lill Mona Solberg: fmsfLMS@fylkesmannen.no / tlf. 57643105

Spørsmål om påmeldinga: fmmrkurs@fylkesmannen.no eller Kjellaug Flusund Finnøy telefon 71 25 80 67.

Vel møtt i Loen!

Med helsing

Alv Walgermo (e.f.)
utdanningsdirektør

Annhild Merete Lorentzen

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg:

- 1 Program sensorskulering 2015
- 2 Sensorliste - norsk
- 3 Sensorliste - matematikk
- 4 Sensorliste - engelsk

Kopi:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Utdanningsdirektoratet v/Matilda Burman	Postboks 9359 Grønland	0135	OSLO
Utdanningsdirektorater v/ Gregorios Brogstad	Postboks 9359 Grønland	0135	OSLO
Utdanningsdirektoratet v/ Mette Thoresen	Postboks 9359 Grønland	0135	OSLO